



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

August 1977

31. årg.



## Til far og mor

Den vakre boka «Mi Kyrkjebok» er allereide kome inn i mange heimar og har vorte mykje godt motteke. Den vil også i år verta kyrkjas gåve til alle 4 åringane i Vaksdal, og som tidlegare, verta delt ut ved ei spesiell familiegudsteneste. Boka har songar, bilete og forteljingar som kan nyttast i den kristne oppsedinga. Det er samstundes ei innbyding til sundagsskulen.

### *Familiegudstenestene vert:*

- 4. sept. Nesheim kyrkje kl. 11. v/ Bjørsvik.
- 11. » Dale kyrkje kl. 11. v/ Bjørsvik.
- 11. » Bergsdalen kyrkje kl. 11. v/ Steinnes
- 18. » Eksingedalen kyrkje kl. 11. v/ Steinnes
- 25. » Stamnes kyrkje kl. 11. v/ Bjørsvik
- 2. okt. Vaksdal kyrkje kl. 11. v/ Steinnes.
- 2. » Eldsland kyrkj ekl. 11. v/ Bjørsvik

*Heile familien velkomen!*



## Det gjeld borna

Våre auge og våre øyre tek den heile dag mot nye inntrykk — gode og mindre gode. Desse kan ein seia vert lagra i hjarta våre. Men det som vert lagra, vert ikkje berre verande der. Det vert med kvart til handlingar. «For det hjarta er fullt av, talar munnen». (Luk. 6.45) Vaksne kan nok i nokon grad verna seg mot denne påverkna-den på tanke og sinn, men kva med alt det som går inn i borna våre? Dei har ofte lite høve å demma opp for påverknad som kan verta til skade. Foreldre har god grunn til å vera på vakt. Det er nok av krefter som har hatt fritt rom til å gjera si øydelegg-jande verknad. Under namn av fri-dom, toleranse og rett til å velja sjølv, er det nok av dei som driv økonomisk spekulasjon. Foreldre må aldri verta likesæl med kva som vert sådd i bar-nehjartene. Det kan lett verta til vekster ein sidan aldri kan få bort.

Men ein ting er å protestera mot det nedbrytande og øydeleggjande. Ein annan ting er å leggja tilhøva til rette for den beste påverknad for borna våre. Det er særst viktig i dei fyrste leveåra, og ingen står då borna nær-are enn foreldra. Me vil her peika på nokre sider ved den kristne opp-sedinga som me meiner er viktig. Dåpsforeldra lover å gje borna sine ei slik oppseding, men treng ofte ein meir konkret hjelp.

*Kveldsbøn.* Å be for barnet og med barnet er den viktigaste kristne opp-gåva foreldre har i dei fyrste leveåra til barnet. Byrja med ei enkel kvelds-bøn så tidleg som råd er. For tidleg vert det aldri. Det skapar tryggleik og ro hos barnet, men det er meir enn et

psykologisk knep. Det knyt barnet til Gud og det han har å gje oss menne-skje.

*Bordbøn.* Bordbøna lærer barnet å sjå maten som ei gåve frå Gud som ein skal takka for. Den er og med å skapa ei ramme om bordfelleskapet, ein samling av familien. Dette er meir turvande i dag enn tidlegare, for det er ofte ikkje mange høve kor heile familien er samla.

*Andakt.* Ved eit av måltida er det fint om heile familien kan samlast til ein kort andaktsstund. Ei andakts-bok for born lyt ein då nytta, og gjer-ne med spørsmål. Borna kan då få uttrykkje seg på sitt vis og foreldre lettare skjønna korleis born tenkjer om kristelege spørsmål. Ei misjons-bøsse kan ved eit slikt høve nyttast til å læra dei små ansvar for den verda vi lever i.

Kva den kristne oppseding i heimen har å seia, kan ein ikkje streka sterkt nok under. Men til den kristne opp-seding høyrer og å senda borna til sundagsskulen og ta dei med til kyr-kje. Me vil her spesielt nemna familie-gudstenestene som no vil verta haldne i september i alle kyrkjene våre. «Mi kyrkjebok» vil då verta delt ut til alle 4 åringane.

*Magne Steinnes.*

### Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261  
Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.  
Medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.  
Kasserar: Ragnar Trohjel, 5297 Gammersvik.  
Postgiro 5 72 34 73. Bankgiro 3500.50.13117  
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norhelmsund — tfn. 8.

## Attende til Madagaskar

Sundag den 30. juli var det av-skjedsfest for Anlaug Sandal. Ho drar no ut til ein ny periode som lærar på den norske skulen på Antsirabe. Stamnes bedehus var fullsett av misjonsvenner som ville ynskje henne ei god reis. Fru Bjørsvik heldt festtalen og streka under kva det ville seia å vera kalt av Gud og gjera den tenesta an legg på oss. Ho minna vidare om at banda ikkje vert brotne om ein reiser ut som misjonær. Dei vert berre tøygd ekstra langt. At det vil vera band som bind med heimstaden, viste dei mange helsingane Anlaug fekk med seg. Det var på alle vis ein fin fest misjonsforeninga på staden hadde skipa til. Anlaug sjølv gav uttrykk for at det var som å få med seg ein god matpakke på ferda. Solaug Boge frå Vaksdal skål og vera på Antsirabe så verda er kanskje ikkje så stor like-vel.

Marit Sandal kom for ei tid sidan attende frå Etiopia. Det var meininga at festen skulle vera ein velkomst og-så for henne, men sjukdom gjorde dessverre at ho ikkje kunne vera med.

## Aksjonsveka

Det vert også i år aksjonsveker i kyrkjene på Dale og Vaksdal. Aksjonsveka på Vaksdal vert frå 2. — 9. oktober og etter kva ein veit i dag vert den nye krinssekretæren i NMS, Magne Grønlien, ungdomsprest Magne Utle og res.kap. i Loddefjord Knut Torjuul saman med eit ungdomskor frå kyrkjelyden med. Aksjonsveka på Dale vert den 19. — 26. oktober. Her vert dr. John Livden og pastor Audun Tang med. Dei lokale songkreftene vert sjølv sagt med megge stadene som tidlegare. Ein vonar med desse aksjon-ane å nå endå lenger med den kristne budskapen.

## Sokneprest Bjørsvik sluttar

Departementet har medelt sokne-prest Bjørsvik avskjed i nåde, som det heiter, frå 1. november dette år. Han har då allereide stått 3 år over van-leg pensjonsalder. Men avskjed på vanleg vis reknar ein ikkje med av den grunn. Eit nybygg veks deg for dag opp i nærleiken av Vaksdal kyr-kje og fortel at Gunvor og Lars Bjørsvik ikkje dreg så langt burt frå kyr-kjelyden sin.

## Barnehage for 6 åringar

Det vert frå hausten starta opp med barnehage for 6 åringar i konfirmant-romet i Vaksdal kyrkje. Det vert 4 dagar i veka. Torgunn Ellinor Knut-sen vert dagleg leiar med Liv Helga Gulestøl som pedagogisk rådgjevar. Det er plass til 14 born. Det er full-telkna.

## Soknerådsva

Det vert soknerådsva til hausten. Nokon dato er ikkje sett, men det vert etter stortingsvalet som vert den 12. september. Det skal då velgjast nytt sokneråd i Dale, Vaksdal, Bergsdalen, Stamnes, Flatekval og Nesheim sokn for nye 4 år.

## Kor mange er me ?

Folketalet i dei ulike sokna i Vaksdal fordeler seg slik: Dale 2452, Vaksdal 1222, Bergsdalen 113, Stamnes/Eidsland 885, Flatekval 93, og Nesheim 126. Tilsaman skal då folketalet i Vaksdal vera 4891.

## Kirkens Nødhjelp

Det kom på Vaksdal inn på fasteaksjonen i år kr. 3495,10. Det er ein liten auke frå i fjor då det kom inn kr. 3365,00. Me takkar alle for gåvene og minner samstundes om dør-til-død aksjonen den 30. oktober. Det vert då ein landsinnsamling som og vert dekkja gjennom TV.

Hausvik og Faugstad <sup>1/5</sup>

Vaksdal

Telefon 3603.

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET  
Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

## Prostimøte

Den 17.-18. sept vert det prostimøte på Helgatun Ungdomsheim. Den nye høgmesseliturgen vert her eit sentralt emne og det skulle vera viktig å gjera seg kjend med. Elles vil det vera innleiing til samtale om soknerådsvalet til hausten og sokneråda sine oppgaver. Prostimøte er fellesmøte for alle sokneråd i Hardanger og Voss prosti. Sokneråda sender sine utsendingar, men elles er kristendomsleiarar i skulen, sundagsskuleleiarar, prestar og andre kyrkjelege tenestemenn velkomne. Innbjoding går elles og til leiarar og tillitsmenn i dei frivillige kristne organisasjonane.

## Neste kyrkjeblad

Stoff til neste kyrkjeblad lyt ein ha før 10. september.

## «Fides»

Vaksdal Ungdomskor «Fides» tek til med øvingane att kvar fredag kl. 18.00 i Kyrkja. Vi tek sikte på å vera eit fritidstilbod for ungdom frå 7. klasse og oppetter, samstundes som det eigentlege målet med koret er å vinna unge for Kristus. Vi er om lag 30 gutar og jenter som ynskjer nye songarar velkomne!

K-K

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

## Frelsarnamnet

*Du skal verta med born og få ein son, og kalla han Jesus.*

*Luk. 1.31. (les og Matt. 1.21)*

Dette Bibelvers inneheld noko av det som engelen Gabriel sa til Maria. Eg har ein gong høyrte sagt, at om Jesus hadde vorte fødd i vår tid, hadde han sikkert ikkje fått namnet Jesus. Dette meiner eg er ikkje rett etter Bibelen. For det første kunne ikkje Jesus vorte fødd i dag, for i Gal. 4.4 står det: «Men då tidi var fullkomi, sende Gud son sin, fødd av ei kvinna, fødd under lovi». Tida var fullkomi då Jesus vart fødd.

For det andre, Jesus kunne ikkje ha noko anna namn, for namnet Jesus tyder FRELSAR eller og HERREN ER FRELSA. «Hans namn skal kalles Jesus, det er et frelsar namn» seier songaren.

Jesus Kristus kom til verda for å frelsa syndarar, står det i Guds ord. 1. Tim. 1.15.

Difor er det og Bibelens tale at Jesus berre kunne heita Jesus.

Paul Gerhardt har tenkt seg ein samtale mellom Gud og Jesus i himmelen før verda vart skapt, og så vart den kjende salmen til: «Her ser jeg da et lam å gå, som seg til døden skynder». I eit av versa står det slik: «Gå hen min kjære sønn og lid, for dem som inntil evig tid, i vreden skulle være». Og så kjem Jesus sitt svar i neste vers: «Ja fader, ja av hjertes grunn, la skje som du vil skikke, la komme kun den bitre stund, jeg dødens kalk vil drikke».

«Ja», seier nokon, «dette er gilde

ord, at Jesus kom for å frelsa syndarar, at han kom for å sona MI synd. Så er eg frelst ved det han har gjort.» Og så kjem takke og lovsongs-tonar fram.

«Jau», seier andre, «dette er gode ord, men dette har vel ikkje eg bruk for? Eg lever sikkert like godt som dei fleste, og gjer rett og skjel for meg på alle måtar, og når eg gjer så godt eg kan, kan vel ikkje Gud som er kjærleik stengja meg ute frå himmelen», og så sler dei seg til ro med det.

Kjære deg som har det slik, eg tvilar ikkje på at du lever eit liv som ingen i det ytre kan setta fingeren på, men Guds ord seier at alle har synda og vantar æra for Gud, og dei vert rettferdiggjorde UFORTENT av hans nåde ved utløysingi i Kristus Jesus. Rom. 3.23-24.

Vidare seier Guds ord i 1. Joh. 5.12. «Den som har sonen har livet. Den som ikkje har Guds son, han har ikkje livet.» Og i Joh. 3.36. «Den som trur på sonen, har evig liv, men den som ikkje VIL tru på sonen, får ikkje sjå livet, men Guds vreide VERT VER-ANDE over han».

Kjære lesar. Spørsmålet for oss alle vert til sjuande og sist: Kva har vi gjort med Jesus? Du kjem ikkje utan om Jesus, om du inn til Livet vil gå, syng me i ein song. Og ein annan songar har sagt det slik: «Meg til Frelse jeg intet vet uten deg Guds lam. Ene i DIN rettferdighet, skjules all min skam».

Men kanskje nokon også spør slik: «Er det NOK MED JESUS? Og er det NOK og for MEG? «Kjære ven som skjelv ved tanken på dette. DET ER NOK MED JESUS TIL FRELSE! For Guds ord seier: «For av nåde er de



frelste, ved tru, og det ikkje av dykk sjølve, det er Guds gáva, ikkje av gjerningar, så ikkje nokon skal rosa seg». Efsearbrevet 2.8-9. Og vidare kan me lesa i Rom. 8.1: «Så er det då ingi fordøming for dei som er i Kristus Jesus».

Er du der, d.v.s. har du teke di tilflukt til Jesus, då er du sæl, for då kan du syngja med songaren: «Ren og rettferdig, himmelen verdig, og JEG I VERDENS FRELSER alt nu.»

Og til slutt, Lukka til vidare på himmelvegen. Og om du les dette som ikkje har Jesus, ta imot han og du vert lukkeleg.

Gunnar Rene.

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE:

#### DALE:

William Langhelle fødd 11/1 1977, døypt 23/5 1977

Johnny Fossmark fødd 25/3 1977, døypt 19/6 1977.

Tone Prestegaard Eriksen, fødd 26/2 1977, døypt 5/6 1977 (sjømannskyrkja i Philadelphia, USA).

Jannicke Bosåen fødd 3/4 1977, døypt 10/7 1977.

Anne Brith Cabanelas Kvamme fødd 31/5 1976, døypt 2/8 1977.

#### VAKSDAL:

Thomas Jamne fødd 20/3 1977, døypt 30/5 1977.

Siv Cathrine Moe fødd 12/2 1977, døypt 30/5 1977.

Jill Herfindal Jørgensen fødd 8/4 1977, døypt 17/7 1977.

#### STAMNES:

Ronny Sæterdal fødd 21/2 1977, døypt 22/5 1977 (Eidsland kapell).

### FLATEKVAL:

Aina Dale fødd 21/5 1977, døypt 7/8 1977.

### VIGDE:

#### DALE:

Jarle Rosvold og Karin-Johanne Berge vigde 9. juli 1977.

Egil Andersen og Margunn Irene Geitle vigde 30. juli 1977.

#### VAKSDAL:

Knut Reite og Ragnhild Sæterdal vigde 28. mai 1977.

### AVLIDNE:

#### DALEE:

Normann Hesjedal, fødd 12/12 1919, døydd 17/5 1977, gravlagd 24/5 1977.

Alfred Bruvik, fødd 6/1 1906, døydd 21/5 1977, gravlagd 27/5 1977.

Andreas Dalseid, fødd 5/3 1899, døydd 18/5 1977, gravlagd 28/5 1977.

Martha Aldal, fødd 1/11 1883, døydd 7/7 1977, gravlagd 14/7 1977.

Karl Andreas Buvik, fødd 16/11 1891, døydd 24/7 1977, gravlagd 29/7 1977.

#### VAKSDAL:

Edvard O Sæterdal, fødd 21/8 1882, døydd 21/5 1977, gravlagd 26/5 1977.

Karl G. Knutsen, fødd 17/1 1898, døydd 11/6 1977, gravlagd 18/6 1977.

Ole Langhelle, fødd 18/4 1908, døydd 24/7 1977, gravlagd 28/7 1977.

Johannes Ulevik, fødd 29/11 1909, døydd 5/8 1977, gravlagd 11/8 1977.

#### STAMNES:

Brita Eikemo, fødd 17/5 1893, døydd 19/6 1977, gravlagd 25/6 1977.

Thorben Dyvik Jacobsen, fødd 2/9 1976, døydd 2/7 1977, gravlagd 7/7 1977.

Konstanse Klausen, fødd 7/3 1891, døydd 5/7 1977, gravlagd 9/7 1977.

### NESHEIM:

Ragnhild Herlaugsdatter Trefall, fødd 31/1 1893, døydd 3/7 1977, gravlagd 8/7 1977.

Harald Gullbrå, fødd 10/6 1919, døydd 24/7 1977, gravlagd 1/8 1977.

## Er du ung ?

Har du nokon gong kjent behov for

1. å lesa — og grunna på Guds ord saman med andre?

2. å gjera som David i Salme 92,2: Det er godt å prisa Herren og å syngja ditt namn lov, du Høgste? Kan du svara ja på spørsmåla er du velkomen i Prestebustaden, Vaksdal, kvar fredag kl. 20.00.

Helsing ein gjeng som tykkjer fellesskapen i gruppa vert endå rikare om nett DU vert med.

K-K

## I.K.O. råd - Kva er det?

Kyrkjelydane i Vaksdal og Dale har no fått sine I.K.O. råd, valde av sokneråda.

I.K.O.råd — Institutt for Kristen Oppseding — har som oppgåve å hjelpe til med alt opplysningsarbeid for barn, ungdom, unge heimar m.m. Me ynskjer dei lukke til med dette viktige arbeidet.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

Så kjem då trua av bodskapen ein høyrer, og bodskapen kjem ved Kristi ord.

(Rom. 10,17.)

## Velkomen til Kyrkja

12. søndag etter Triening, 28. august:

Vaksdal kyrkje kl. 11. Res. kap. Steinnes. Offer til Misjonssambandet  
Eidsland kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

13. søndag etter Triening, 4. september:

Nesheim kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste.  
Stamnes kyrkje kl. 18. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd. Offer til Nordhordlands Indremisjon.

14. søndag etter Triening, 11. september:

Dale kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste.  
Bergsdalen kyrkje kl. 11. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste.

15. søndag etter Triening, 18. september:

Vaksdal kyrkje kl. 18. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.  
Eksingedalen kl. 11. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste.

16. søndag etter Triening, 25. september:

Dals kyrkje kl. 11. Sokneprest Heggheim. Nattverd.  
Stamnes kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste.

17. søndag etter Triening, 2. oktober:

Vaksdal kyrkje kl. 11. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste.  
Eidsland kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp.

18. søndag etter Triening, 9. oktober:

Dale kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Nesheim kyrkje kl. 11. Res. kap. Steinnes.

Sjå og kunngjering i lokalblada.

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

*DALE, Tlf. 2421*      Frå      Til  
Måndag, Tysdag, Ons-  
dag og Fredag ... 8.30      15.00  
Torsdag ... .. 10.00      17.30

*VAKSDAL, Tlf. 3605*  
Tysdag og Fredag 8.30      15.00  
Torsdag ... .. 10.00      17.30

*STAMNES, Tlf. 3 a*  
Måndag      frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTIS  
SKOFORRETNING**

**Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN <sup>A/S</sup>**

Tlf. 2240 DALEKVAM

**RADIO - TV**

Reparasjonsverkstad

**BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER**

**EIDE & PETERSEN <sup>A/S</sup>**

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTÅ

**Arth. og Arne Vaksdal  
HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

**Vaksdal koop. Handelslag**

**VAKSDAL**

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**